



Arkivnr: 2016/95-7

Saksbehandlar: Eirik Knive

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

#### Tilleggssøknader om tilskot til sikring av friluftsområder 2016 kap. 1420 post 30

Vi viser til dykker e-post sendt frå dykk av 12.05.16 der de ber om ein uttale frå fylkeskommunen om tilleggssøknaden på sikring av friluftsområde (kap. 1420 post 30). Søknadene gjeld Risøyna i Sund kommune sendt frå Bergen og Omland friluftsråd 29.03.

Føremålet med ordninga er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, triveselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Hordaland fylkeskommune har ansvar for vurdering og prioritering av saker om statleg sikring av friluftsområde i Hordaland. Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal handsame vurderinga og prioriteringa av tilleggssøknaden i møte 8. juni 2016.

Det vert vist til tidlegare korrespondanse knytt til søknader om statleg sikring av friluftsområde for 2016. Hordaland fylkeskommune har etter søknadsfristen motteke ein søknad om statleg sikring av friluftsområde frå Bergen og Omland Friluftsråd. Søknaden gjeld Risøyna i Sund kommune og omhandlar tre parsellar område av regional tyding og har samstundes særeigne naturtypekvalitetar. Viss denne ekstrasøknaden påverkar tilskot til søknadar som heldt tidsfristen så stiller Hordaland fylkeskommune seg negative til behandling av denne ekstrasøknaden. Utanom det er alt bare positivt ved ein ekstra søknad.

Hordaland fylkeskommune er samd i Bergen og Omland friluftsråd si skildring og vurdering av behovfor tilrettelegging på Risøyna som eit regionalt friluftsområde, tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av følgjande friluftsområde

1. Risøyna, gnr. 25, bnr 1, gnr. 25, bnr. 2, og gnr. 24, bnr. 3, i Sund kommune til ein samla sum på kr 1.039.728.

Til grunn for vurderinga av søknadane ligg føringar frå Miljødirektoratet, Regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008. Friluftsområder med følgjande kvalitetar vert prioritert:

- Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstadar.
- Grøne korridorar og ferdselsårer til friluftslivsområde, landfaste areal ved sjøen og sentrale område ved innlandsvassdrag egna for fritidsfiske.
- Områder som vil bli intensivt nytta, og som treng tilrettelegging for å kunne brukas til friluftslivsføremål.
- Områder som er handsama og prioritert i regional og/eller kommunal planprosess etter plan- og bygningslova sine føresegner.
- Områder der det er mogleg med rask gjennomføring av sikringsprosessen (saker som truleg blir gjennomført innan eit til to år).

Søknaden fyller vilkåra for statleg sikring, og gjeld kjøp/tilrettelegging av areal som vert vurdert som viktige regionale friluftsområde i ein heilskapleg samanheng for Risøyna. Risøyna er eit regionalt båtutfartsområde sør for Glesvær i Sund kommune.

Bergen og Omland Friluftsråd har høg kompetanse og gjer ein god jobb både i samband med sikring og forvalting av områda. Det kan difor leggjast til grunn at dei føremål og tiltak som er skildra vil verte ivaretake på ein god måte.

Hordaland fylkeskommune vil tilrå at søknaden vert innfridd fullt ut. Under følgjer ei kortfatta skildring og vurdering av søknaden.

### Risøyna

Bergen og Omland Friluftsråd søker om kr 1.039. 728 til statleg sikring av tre parceller gnr. 25, bnr. 1, gnr. 25, bnr 2, gnr. 24, bnr. 3 på området Risøyna i Sund kommune, sør for Glesvær som er eit naturlig utgangspunkt for å besøke øyane. Områda er godt eigna for badeliv med fine sandstrender og svaber, samstundes som det er eit ynda turmål for kajakkturar. Området har allereie i dag stor bruk, og vert omtalt som regionalt båtutfartsområde av fylkesmannen i Hordaland.

Grunngjeving for statleg sikring av området er eit ønskje frå Bergen og Omland friluftsråd om å leggja til rette for ålmenta med kajakkbrygge, toalett, gapahuk og infotavle. Området egnar seg godt til båtutfart, fiske i saltvatn, kajakpadling og turområde sommartid.

Tiltaket det er søkt om vil gje området kompletterande meirverdi i høve til tidlegare sikringssøknader frå same området samt den tiltenkte bruken.

Hordaland fylkeskommune er samd i Bergen og Omland friluftsråd si skildring og vurdering av behov for tilrettelegging på Risøyna som eit regionalt friluftsområde, og tilrår at søknaden vert innfridd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*